

ORDENSREGLEMENT FOR TVEIT VIDAREGÅANDE SKULE

Ref. § 3- 9 i Privatskulelova

1. FORMÅL

Tveit Vidaregåande skule skal vere ein skule med gode vilkår for læring og utvikling for kvar einskild elev. Skulen skal fremja gode rutiner og god framferd for elevar og tilsette.

2. FULLFØRINGSRETT

Elevar som har fått plass ved Tveit Vidaregåande skule har rett til å fullføra trinnet, så lenge dei ikkje blir utviste. (*jfr § 3-3 i privatskulelova*)

3. UTVISING INNTIL FEM DAGER

3.1 Elever som bryt ordensreglementet til skulen eller ordensreglar for klassen, alvorleg eller fleire gonger, kan utvisast frå skulen i inntil fem (5) dagar. Endeleg avgjerd om utvising blir teken av dagleg leiar ved skulen etter samråd med lærarane.
(Ref. Privatskulelova § 3 – 10)

3.2 Før det blir gjort vedtak om utvising, skal det kallast inn til møte der både eleven, læraren og rektor er tilstade. Eleven har rett til å ha foresette med seg på møtet dersom han/ho ynskjer det. Det skal først protokoll frå møtet. Protokollen skal underskrivast av elev, lærar og rektor.

4. UTVISING RESTEN AV SKULEÅRET

4.1 Når ein elev vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skulen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, eller vedvarende bryt reglane for klassen, kan eleven etter vedtak av heimfylket visast ut for resten av skuleåret.

4.2 I samband med eit vedtak om utvising for resten av skuleåret kan heimfylket også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §3-1.

5. KLAGE

Klage på utvising eller bortfall av skulerett kan sendast Tveit vidaregåande skule v/rektor. Klagen blir behandla av rektor som førsteinstans. Dersom klagen ikkje blir teken til følge, vil den bli sendt til Kunnskapsdepartementet for endeleg behandling og avgjerd. Dei involverte partane har etter forvaltingslova § 18, jfr 19 rett til å sjå dokumenta i saka.

Tveit, 12. juni 2012



RUTINE SOM GJELD OVERNATTINGSTURAR I SKULEN SIN REGI (Vedlegg til ordensreglement for Tveit Vidaregåande skule)

1. Skulen sitt ordensreglement gjeld på turar i skulen sin regi

2. RØYKING/ RUSMIDDEL / MEDIKAMENT

Skulen sitt ordensreglement gjeld.

3. VARSLING.

Når skulen planlegg turar med elevar skal foreldre/føresette varslast minst 2 veker før turen startar. For elevar under 18 år skal foreldre samtykke i at dei har mottatt informasjon om turen og om reglar som gjeld.

4. LEIARAR

Når skulen har overnattingsturar med elevar under 18 år, skal minst 2 av skulen sine tilsette vere med på turen som leiarar. Leiar pliktar å underretta leiinga ved skulen om alvorlege hendingar så snart som mogleg.

5. OBLIGATORISKE TURAR

Tveit Vidaregåande skule arrangerer på kvart trinn turar som er obligatoriske – desse er ein del av undervisninga, og alle elevane skal delta. Dersom ein elev av helsemessige grunnar ikkje kan delta på turen, må det leggst fram legeattest. Eleven kan då heller ikkje opphalda seg(bu) på internatet i tida turen varer.

6. INFORMASJON OM TUR

Det vil på førehand bli gitt informasjon om tur. I informasjonen vil det gå klart fram kor turen går, navn og telefonnummer til leiarar, utstyr og klede som eleven må ha med. Eleven er sjølv ansvarleg for å følge anvisning i informasjonsskrivet.

7. RESPEKT.

Eleven skal visa respekt for leiarane på turen. Dersom ein elev ønskje å forlata klassen eller gruppa han/ho tilhøyrrer, skal dette avtalast med leiar. Ein elev kan ikkje forlata gruppa utan han/ho har fått tillating frå leiar.

8. KONSEKVEN SAR VED REGELBROT OG KLAGE

Dersom ein elev bryt reglane kan foreldre bli varsla og eleven kan bli sendt heim. Regelbrot kan og medføra at eleven kan få nedsett karakter i oppførsel og/eller utvist frå skulen i inntil 2 dagar. Det er høve til å klaga på avgjeda.

Tveit 8.5.2013 – Vedtatt i lærarmøte. Vedtatt i styremøte 10.6.2013

ORDENSREGLAR I KLASSEN

Gjeld både inne- og utetimar.

1. FORSEINTKOMMING TIL TIMANE.

Elevane må vera på plass når timen tar til. Forseintkomming forstyrrer undervisinga. Elevar som kjem for seint til timen får ein merknad i orden. Meir enn 15 min for seint til timen er 1 time fråvere. Det skal takast omsyn til lovlege grunnar til forseintkomming.

2. RUSMIDDEL / MEDIKAMENT.

Elevar som lærar mistenkjer er påverka av rusmiddel /medikament **kan visas ut inntil 2 timar. Timane vert førte som fråvere.**

3. PLASSERING I KLASSEROMMET.

Ein kan skifta plass i klasserommet etter samråd med kontaktlærar.

4. MAT OG DRIKKE

Det er tillatt å ha med frukt, vatn/kaffi i timene. All anna mat og drikke er ikkje tillatt
Brot på dette gir merknad i åtferd.

5. LÆREBØKER OG VERNEUTSTYR.

Nødvendige lærebøker og skrivesaker skal vera med til undervisingstimane, likeins verneutstyr i dei praktiske avdelingane. Eleven må på førehand få vita kva som trengst til timane. Dersom eleven ikkje har utstyr undervisinga krev, vert det gitt merknad i orden, og eleven kan verta utelaten frå undervisinga i dei timane det gjeld.
Unødig skade på skulen sitt materiell kan, i tillegg til erstatningskrav, føre til nedsett ordenskarakter.

6. MOBILTELEFON OG PC.

Bruk av mobiltelefon er forbode i timane. Mobilen skal ikkje brukast eller ligge synleg framme i timane. Bruk av pc, Ipod, Ipad, mp3 o.l. i timen skal avtalast med den einskilde læraren. Ved brot på denne regelen, vil eleven få munnleg åtvaring og merknad i åtferd. Ved gjentakning vil mobil, pc o.l. bli inndratt og innlevert til rektor ut dagen.

7. NULL – TOLERANSE FOR MOBBING – Opplæringslova §9a

Viser til Handlingsplanen ”Forebygging av *trakkassering og mobbing*”. Dersom det oppstår alvorlege episodar eller ein elev har vedvarande uønska adferd skal det avhaldast opplæringsmøte mellom elev m/følge, kontaktlærar og sosialrådgjevar.

8. RESPEKT.

Eleven viser respekt for undervisingsmiljøet, sit fint ved pulten og pliktar å rette seg etter læraren sin anvisingar. Brot på dette punktet kan gi merknad i åtferd.

9. REFSINGSTILTAK OG KLAGE

9.1 Eleven blir jamnleg gjort kjent med talet på merknader i orden og åtferd. Det er ikkje høve til å klage på merknader.

9.2 Alvorlege og gjentatte brot på ordensreglar i klassen kan føre til utvising. Ref. skulens ordensreglement.

Tveit 08.05.2015

